



# Årdal kommune

## Årdal eldreråd

### MØTEPROTOKOLL

**Møtedato:** 05.05.2026

**Møtetid:** Kl. 12:00 PM - 2:00 PM

**Møtestad:** Møterom -  
Kommunestyresalen

**Saksnr.:** 007/26 – 010/26

| <b>Følgjande medlem møte</b> |
|------------------------------|
| Aud Sissel Sveen             |
| Inge Moen                    |
| Oddgeir Øren                 |
| Patricia Seglem Lægreid      |
| Kirsti Eklund                |

| <b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b> | <b>Følgjande varamedlem møte</b> |
|------------------------------------------|----------------------------------|
| Sigrid Karin Solvoll                     | Ingen vara                       |

|                                   |                                                                                                                                                        |
|-----------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>Møteleiar:</b>                 | Patricia Seglem Lægreid                                                                                                                                |
| <b>Frå adm. møte:</b>             | Marita Opheim, Kommunalsjef Helse og omsorg<br>Taryn Malkhassian, Folkehelsekoordinator<br>Norunn Haugen, Økonomisjef<br>Heidi Skeie, Leiar ergo/fysio |
| <b>Dokument utlevert i møtet:</b> |                                                                                                                                                        |
| <b>Synfaring:</b>                 |                                                                                                                                                        |

## Sakliste

| Sak nr    | Sakstittel                      |
|-----------|---------------------------------|
| PS-007/26 | Orienterings- og drøftingssaker |
| PS-008/26 | Opning av møte                  |
| PS-009/26 | Den kulturelle spaserstokken    |
| PS-010/26 | Ymse                            |

| Saksnr. | Utval          | Møtedato   |
|---------|----------------|------------|
| 007/26  | Årdal eldreråd | 05.05.2026 |

Sakshandsamar: Lene Risløw

Arkiv:

Arkivsaksnr.:  
26/587

### Orienterings- og drøftingssaker

05.05.2026 Årdal eldreråd

#### **Folkehelsekoordinator i Årdal kommune, Taryn Malkhassian:**

Framsyning av Naturmangfaldsplan. Taryn orienterar. Planen var lenket i vedlegg til orienteringssaken. Ho ynskjer ein diskusjon med råda om handlingsdelen. Innspel frå råda. Taryn etterlyser innspel til Handlingsdelen, spesielt pkt 17. Kjell informerar at Kommunalt råd har diskutert eit par slike punkt idag og tidlegare. Legg inn punkta frå Ymse til Kommunalt råd

HC-parkering til Naturhuset/Skåri. Kva retningslinjer har dei i forhold til Universell utforming. Korleis er det syns og psykiske nedsetjingar? Blindeskrift? QR-kodar? Etterlyser erfaringar frå andre kommunar.

**Meld inn feil - forureining (Årdal kommune, heimesida):**

**<https://www.ardal.kommune.no/mitt-nabolag/#/reportCase>**

**Naturmangfaldsplanen er å finne her:**

**<https://aardalnatur.my.canva.site/naturmangfaldsplanen>**

**Spørsmål frå Taryn:**

***Kva trusslar ser rådsmedlammene for seg mot naturen.***

- Sunde Resirk - inngongen til Jotunheimen. Vind kastar plast ut i naturen. Det vert sett spørsmål ved rutiane ved Sunde Resirk. Elva har gytande laks.
- Årdal miljøstasjon klarar å legge lokk på sine kontainrar og dermed vert ikkje forureininga ei utfordring. Kvifor kan ikkje Sund Resirk klare tilsvarande?
- Hageavfall som dumpes og der er faste plassar. Skilting på desse faste plassane? Hagekontainrarane?

***Områder folk ferdest i mest.***

- Ytre Moa - uu-tilpassing nødvendig. Skal alle kunne gå heile runden?
- Skåri

Taryn oppfordrar alle til å reagere og informere for å få til den folklege endringa.

## **Norunn Haugen - Budsjettprosessen for 2027**

I disse dagar ferdigstillast budsjettet for 2025. Behandling 20.mai

- <https://pub.framsikt.net/2025/ardal/mr-202512-arsrapport2025#/> (Årsrapport og årsrekskap 2025 i Framsikt)

1. tertialrapporten 2026 jobbast med i desse dagar for å ferdigstille.

- [https://pub.framsikt.net/2026/ardal/bm-2026-budsjett\\_og\\_ekonomiplan\\_2026-2029#/,](https://pub.framsikt.net/2026/ardal/bm-2026-budsjett_og_ekonomiplan_2026-2029#/) *Budsjett og økonomiplan 2026 i Framsikt*). *Rapporten vert presenteret seinare i kommunalt råd.*

Budsjettprosessen for 2027 er starta

- [https://www.ardal.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-1e069db9\\_ef6b\\_4b2b\\_9616\\_406836b162cc-482402\\_1\\_P!d-2022066598!Rryi1J?pid=1](https://www.ardal.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-1e069db9_ef6b_4b2b_9616_406836b162cc-482402_1_P!d-2022066598!Rryi1J?pid=1), *Budsjett og økonomiplan 2027 - 2030.*

Det er mogleg for Råda å komme med innspel (april til september). Dialogkafe onsdag 20.mai (Bu og miljø-tenesta). Trengs det brukarundersøkinga? Forslag til kva eventuelt? Bu trygt heime - Eldre som bur heime og mottek tenester frå Kommunen?

### ***Powerpointpresentasjonen frå Norunn vedlegg til protokollen***

## **Utstillinga "Den trygge boligen" - Heidi Skeie, Leiar ergo/fysio**

Heidi Skeie, Leiar ergo/fysio i Årdal kommune kom på fellesdelen av møtet og fortalte om utstillinga "Den trygge boligen" som kommunen får låne frå Skadeførebyggande forum «Skafor» i veke 40.

Dette er informasjon som både Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Årdal eldreråd fekk.

Det er ynskje om å stille ut i kafé området på Kulturhuset i Øvre i veke 40, da er også Eldredagen. Det opnar for å gjere noko i samråd med Eldrerådet og Eldredagen.

## **Orientering frå Marita Opheim, Kommunalsjef Helse og omsorg**

Rapport angående Årdal sjukeheim er komt, denne skal Marita ta med rådet neste møte.

Startar med Sjukepleiar-team i pilotprosjekt, oppstart 18. mai.

Startar fast med årsturnus i 2027.

Sjukepleiarane i kommunen er aktive i alle kanalar mot dette prosjektet.

Informerar nærare angående innspel frå Årdal eldreråd budsjett 2026, svarar ut.

Oddgeir nemner skjerm som heng på Jokeren på Tyin-krysset. Frivilligsentralen i Vang kommune har ansvaret for den. Dette var eit innspel frå Eldrerådet til Budsjettprosessen 2026.

Bu trygt heime samling i regi av Vestland fylkeskommune. Det var ein god samling. Her deltok Patricia og Oddgeir saman med Marita.

Korleis er det med informasjon ut til publikum i tilfeller som når Årdal sjukeheim blei stengt i litt over ei veke?

Heisen på Årdal sjukeheim har stått i ei veke. Dette er ukjent for Marita. Ho skal sjekke. Musikken blei bedt om å spele ein annan stad på 1.mai då ikkje alle brukarane kunne komme seg ned i sansehagen.

## **ÅER - 007/26 Vedtak**

Orienteringane teke til vitande.

# Årdal kommune

## Sakspapir

| Saksnr. | Utval          | Møtedato   |
|---------|----------------|------------|
| 008/26  | Årdal eldreråd | 05.05.2026 |

**Sakshandsamar:** Lene Risløw

**Arkiv:**

**Arkivsaksnr.:**  
26/587

### Opning av møte

1. Opning av møte
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste.
4. Møteprotokoll - det skal veljast to personar som skal godkjenne møteprotokollen i lag med leiar.

#### **05.05.2026 Årdal eldreråd**

Ingen kommentarar til innkalling eller sakslista.

Patricia Seglem Læg Reid og Oddgeir Øren godkjenner protokollen.

#### **ÅER - 008/26 Vedtak**

Teke til vitande.

| Saksnr. | Utval          | Møtedato   |
|---------|----------------|------------|
| 009/26  | Årdal eldreråd | 05.05.2026 |

**Sakshandsamar:** Lene Risløw

**Arkiv:**

**Arkivsaksnr.:**  
26/592

### Den kulturelle spaserstokken

#### Saka gjeld

Forslag til hovudtrekk i eit program for den kulturelle spaserstokken 2026:

- Konsertar på Årdal sjukeheim, Seimsdal sjukeheim og ÅBO, vår og haust.
  - Kulturskulen
  - Lokale musikkarar
- Musikk quiz - fellesarrangement (Linda Fosse, førespurnad sendt)
- Eldredagen 2026 (1. oktober, nytt opplegg på Tangen)
- Eldrekino til hausten

Programmet må spesifiserast meir.

Innspel til Vestland fylkeskommune til denne nye organiseringa av tilskotsordningar er teke til vitande

I tillegg har Årdal Eldreråd fått ansvar for å arrangere årets regionsamling for Eldreråda i Indre sogn.

Programmet vedlagt denne saka. Invitasjon er sendt ut til alle Eldreråda i Indre Sogn. Rådet må avklare om det vert samling på dette møtet på bakgrunn av grenser for antal deltakarar som Eldrerådet har sett.

#### Tilråding:

Rådet jobbar vidare med å finne og gjennomføre programmet som er vedteke.

#### 05.05.2026 Årdal eldreråd

Musikk quiz går truleg ut, då datoane som var tilgjengeleg dessverre ikkje passa for oss i år.

Einigheit i rådet om at kulturprogrammet vert teke seinare, viktigare å ta gjennomgong av Regionsamlinga fyrst og fremst dette møtet.

#### ÅER - 009/26 Vedtak

Utsett til neste møte.

# Årdal kommune

## Sakspapir

| Saksnr. | Utval          | Møtedato   |
|---------|----------------|------------|
| 010/26  | Årdal eldreråd | 05.05.2026 |

**Sakshandsamar:** Lene Risløw

**Arkiv:**

**Arkivsaksnr.:**  
26/587

### Ymse

Her er det mogleg å diskutere og ta opp det ein ynskjer at Eldrerådet skal jobba med eller sjekke opp i.

#### Tilråding:

Saka vert teke til vitande

#### 05.05.2026 Årdal eldreråd

Det blei for knapt med tid i møtet. Tek dette opp att i neste møte.

#### ÅER - 010/26 Vedtak

Utsett til neste møte